



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Saksnr.	Arkivkode	Journalnr.	Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
19/517	FA - Q13	19/3267		AFA	15.03.2019

## Søknad om utbettingsmidlar FV 57

I 2014 gjorde Sogn og Fjordane Fylkeskommune endelig vedtak om forskottering av planmidlar til Fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet. Prosjektet er inne som nummer 2 på den fylkeskommunale prioriteringslista for RTP for perioden 2018-23. Det er vidare løyvd 60 millionar i utbettingsmidlar til prosjektet.

**Skal ein sikre gode økonomiske rammer for prosjektet søkjer kommunane Fjaler og Gaular om 40 millionar i tillegg til dei 60 millionar som er løyvde.**

Det er vidare fatta politiske vedtak både i Fjaler og Gaular om at ein sluttar seg til prinsippet om brukarfinsansiering (bompengar) for å oppruste Fv 57 mellom Dale og Storehaug. Det er såleis mogeleg å få realisert dette prosjektet utan at fylkeskommunen må ta heile kostnaden. Likevel, om vi skal lukkast med prosjektet, vil vi trengje noko auka finansiering frå fylkeskommunen.

Prosess og prosjektering for planar for plassering av bomstasjon og system for innkrevjing av brukarfinsansiering er sett i gang. Det er og kome signal på at det er betalingsvilje hjå dei som bur på strekninga for å realisere prosjektet.

For kommunane Gaular og Fjaler, og regionen som heilskap, er det avgjerande å få gjennomført utbetringstiltak på Fv 57. Med noverande vegstandard vert utviklinga i kommunane sterkt hemma. Ei heving av standarden på Fv 57 vil gjere nytteverdien av Dalsfjordbrua endå større.

Dagens veg har låg breidde og dårlig kurvatur på store delar av strekninga. Strekninga aust for Dale til Nistad er utslikt og øydelagt av tungtrafikk. Vegen gjennom Bygstad har spesielt dårlig standard, med flaskehalsane Saltkjelen og forbi Haugsbø/Fauske. På heile strekninga er det fleire raspunkt. Ny veg vil gje trygg skuleveg for 100 born i Bygstad og gje ein sikker omkjøringsveg for E39 mellom Lavik og Storehaug.

Fylkesveg 57 er hovudåra med tanke på å få ein størst mogleg bu- og arbeidsmarknad mellom den nye storkommunen Sunnfjord og HAFS regionen. Ny og betre veg mellom Dale og Storehaug, med bru over Svesundet, vil gjere det mogleg å pendle mellom Førde og Dale på rundt 30 minutt. Der pendlinga tradisjonelt gjekk i retning Førde vil vekst i næringsliv og

endringar i arbeidsmarknaden føre til at den går begge vegar. Vidare vil ny veg gje 8000 innbyggjarar i Sunnfjord god veg til nærmaste flyplass.

Ein betre veg vil skape større sjansar til vekst for heile regionen. Samhandling mellom kommunane i heile Sunnfjordregionen vil verte lettare og meir framtidsretta.

Med helsing

Gunnhild Berge Stang  
Ordførar, Fjaler

Mathias Råheim  
Ordførar, Gular

Atle Fasteland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.*